

Kjapp reaksjon på oppmoding om grasslått.

01.08.2017



Randi Teigen Døssland og Leif Arne Døssland starta i dag arbeidet med å slå graset ved treningsapparata i Geilo.

I eit innlegg på Uskedalen.no i går vart det skrive at graset ved trenignsapparata og grøntgrasbanen burde vore slege. Alt i dag i 14 tida var arbeidet i gang. Randi Teigen Døssland og Leif Arne Døssland tok oppmodinga på alvor og fekk gjort ein god start på arbeidet med i fjelga område.

Randi og Leif Arne Døssland har sommarhus i Korsneset i Uskedalen. Dei er ofte i bygda og gjer eit samfunnsnyttig arbeid for å skapa trivsel og eit godt buming. Når vi snakka med ekteparet Døssland, fekk vi vita at dei ville gjera ein innsats på området fram til avreise i 16 tida. Graset ligg i såter og er klar for bruk eller bortkøyring.

Bygda takkar Randi Teigen og Leif Arne Døssland. Dersom nokon har tid til å fjerna resten av graset, er det fint.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal